



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

FYLKESORDFØRAREN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		30739/2019/103	Gunn Randi Seime	01.04.2019

Høring - forslag til nytt inntektssystem for fylkeskommunane

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal har i møte 25.03.2019, sak U – 26/19 og gjort følgjande:

Samrøystes vedtak i Fylkesutvalet - 25.03.2019

Fylkesutvalet sluttar seg til vedlagte høyringssvar om nytt inntektssystem for fylkeskommunane. Høyringssvaret vart sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune til Kommunal- og moderniseringsdepartementet 8. mars 2019.

Statistiske analyser vil ikkje nødvendigvis representere likeverdige tenestetilbod, og det burde vore lagt ei meir normativ tilnærming i kostnadsmodellen. I meir spredtbygde fylke vil ein velte kostnader over på innbyggjarane ved at ein ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til dette i delkostnadsnøkklane, verken for vidaregåane opplæring, tannhelse eller samferdsel.

Auka kostnader til lærlingar må vektast høgare.

I vektinga av investeringar i delkostnadsnøkkelen for veg, bør midlane i tabell C ikkje trekkjast frå, da dei representerer heilt nødvendige satsingar og med (delvis) eige berekningsgrunnlag.

Fylkesutvalet vurderer at det samla rammetilskottet ikkje er tilstrekkeleg til å gje likeverdige og tilfredsstillande tenester til innbyggjarane, og omlegginga av inntektssystemet hjelper ikkje på dette. Manglande tilskott til vedlikehald, reinvesteringar og nye investeringar på veg er døme på dette.

Det er ein svakheit ved det nye systemet at oppgåver som skal overført til regionnivået frå 2020 ikkje er vurdert og innlemma no. Fylkesutvalet er bekymra for underfinansiering av desse oppgåvene.

Fylka er den største vegeigaren og ressursane som skal tilførast regionane i samband med overføring av SAMS må finansierast gjennom nytt inntektssystem, og ikkje avkortast som følgje av prosessar i Statens vegvesen.

Med helsing

Jon Aasen

Dokumentet er elektronisk godkjent.